

Vann og turisme

Døme på lokal satsing:

Vassdragsplanlegging i Sjoa og Otta

Av Trond Stensby

Trond Stensby er prosjektleiar for Vassdragsplan Otta

Innlegg på seminar i Norsk Vannforening 31. mai 1994

Nasjonal og lokal satsing på turisme har gjeve auka besøkstal for regionen Nord-Gudbrandsdal. Foredraget tek for seg korleis dette har påverka bruken av dei to vassdraga, og kva for lokale tiltak som er sett i verk, eller planlagt sett i verk i samanheng med Fleirbruksplan for Sjoa - sluttdokument og Vassdragsplan for Otta - høyringsdokument.

Sjoa har eit nedbørsområde 1518 km², og ligg i Vågå og Sel kommunar. Otta har eit nedbørsområde på 4150 km², og ligg i Skjåk, Lom, Vågå og Sel kommunar.

Med vatn forstår vi i denne samanhengen ikkje berre vasspartiklane og vassstrengen, men og alle brukarinteressene i vassdraget.

Eg vel å bruke ordet reiseliv istadenfor turisme, då det fyrste peikar mot ein meir medveten satsing enn ein vilkårleg turiststraum.

2. VASSDRAGA.

Naturforhold.

Vassdraga det her er tale om syner stor variasjonsbredde innan klimatiske faktorar, geologi, straumforhold og andre naturforhold.

Arealbruk, busetting og næring. Nedbørsområdet er dominert av store utmarksareal og jordbruksområde. Busettingsmønsteret er spreidd, med ein handfull små tettstader. Landbruk og offentleg verksemd er dei viktigaste økonomiske faktorane. Reiseliv og trearbeidande industri er og viktige næringsvegar.

Vassdraga er elles monaleg påverka av vegbygging - i særleg grad Otta.

Vassdraga inngår som delar av store stats- og bygdealmeningar, eller som større og mindre privateigde strekningar.

Inngrep.

Otta er på lengre strekningar mykje teknisk prega. Vegfyllingar, kanalisering, forbyggingar, m.m. er vanlege inngrep. I tillegg er store mengder åkerstein og anna fyllmasse fylt ut i vassdraget.

I Sjoa er det berre gjort mindre forbyggingar, men i fløytingstida vart det gjort store opprenskingsarbeid i elvelaupet.

Otta er regulert slik at vintervassføringa er tredobla. I tillegg er eit mindre sidevassdrag til Sjoa ført over til Otta sitt nedbørsfelt.

Naturvernverdiar.

Vassdraga ligg i naturområde av høg kvalitet. I tillegg til Jotunheimen nasjonalpark, finn ein fleire naturreservat og landskapsvernomsråde. Sjoa er varig verna mot kraftutbygging. I Otta gjeld det same for sidevassdragene Ostre m/Tundre, Skjøle, Bøvre, og Finna.

Ressursutnytting

I Otta vert naturressursane utnytta på fire område:

- kraftproduksjon
- masseuttak
- vatningsvatn
- råvatn.

I Sjoa vert det teke vatningsvatn.

Vasskvalitet.

Vassdraga er funne å vere næringsfattige, oksygenrike og kalde. Delar av vassdraga er lite til moderat påverka av forureiningar frå landbruk og andre utslipp. God luftinnblanding og låg vass-temperatur gjev vassdraga stor sjølrensande evne.

Fiske, friluftsliv, sport.

Nedbørsområdet har kvalitetar for friluftsliv av nasjonal verdi. Med tida er det utvikla ein fasett av nye aktivitetar og kommersielle tilbod, herunder motorisert vassport.

Fiske er ei særleg viktig brukar-interesse, som står sterkt i innbyggjarane sitt medvete. Blant dei tilreisande er det og mange som fiskar.

3. REISELIVET

Reiselivet er eit tungt satsingsområde i Nord-Gudbrandsdalen. Uberørt natur

og tradisjonell kultur er ramma rundt markedsføringa. Gjennom Sjudalen passerer det årleg 180.000 køyrety, og ved Lom stavkyrkje er det registrert 300.000 besøk i året. Satsinga vert synleg gjennom utbygging av overnattingsplassar og nye aktivitetstilbod.

Vassdraga har firehovudfunksjonar i høve til reiselivet.

Ramme

Saman med dalformene og fjellformene er vassdraga berande element i landskapsbilete. Dette vert utnytta i markedsføringa, og er elles ein kvalitet ved opphaldet. Innafor denne ramma er det mange innfallsvinklar til natur- og kulturopplevingar.

Arena.

Ulike aktivitetar vert drive i, på og ved vatnet, og alle er interessante å nytte i samanheng med reiselivet.

Friluftsliv. Det tradisjonelle friluftslivet vert ofte utøva i kontakt med vatn. Særleg er resting og leirslaging vanleg ved vasskanten. Det er fri ferdsl i utmark.

Fricamping. (Villcamping). Fricamping har eit stort omfang i Nord-Gudbrandsdalen, og eigne tiltak er sett i verk for å løyse problem som har oppstått. Her skal det berre nemnast at nærhet til vassdrag gjer eit område meir attraktivt for fricamperane.

Fiske. Det er tilrettelagt for fiske gjennom fiskekortordningar.

Fotografering. Vassdrag er eit mykje nytta fotomotiv anten som ferieminne, som seriøs fritidssysel eller på fotokurs.

Dykking. Skjer sporadisk i dei omtala vassdraga.

Naturfag. Plante- og dyrlivet i og langs vassdrag er eigenarta og har ein generell apell til folk, samt at det for nokre er ei seriøs interesse. Slike verdiar vert utnytta i reiselivssamanheng, m.a, som "safari"-opplegg.

Elvesport. Drives med flåter (rafting) eller kajakk (elvepadling). Raftingen er organisert som komersiell verksemd, medan elvepadlingen er ein fritidssyssele drive av einskilde personar og mindre grupper. Aktiviteten vert drive på elvestrengen, men tilkomst, servering av måltid og opplæring skjer på land. I tillegg skjer det transport til og frå vassdraget med buss/bil. Nokre turar vert kombinert med overnatting i villmarksleirar.

Motorisert vassport. Motoriserte vassportsaktivitetar vert drive gjennom fleire enkeltarrangement, og vert no etablert som eit kommersielt tilbod i området.

Anna vassport. Brettseiling, turpadling o.l. vert drive sporadisk i vassdraga.

Start/landing medfly. I samanheng med seilflyarrangement og taxifygning er det i avgrensa tidsrom stor flytrafikk.

Reintvassforekomstar.

Reine vassdrag med drikkevasskvalitet har vorte ein sparsom ressurs t.d. i Europa. Og i Norge har mange vassdrag redusert vasskvalitet. Reintvassforekomstar vert derfor ein kvalitet som gjev eit naturbasert reiselivsområde svært høg verdi.

Recipient. Ved etablering av reiselivsverksemdar vil vassdraga motta ulike typar utslipp.

4. KONFLIKTAR

I vurdering av konfliktsituasjonar vert reiselivet å sjå som ei brukarinteresse.

Ein kan då definere to hovudkonfliktar:

1. Reiselivet sin bruk av vassdraget vert konfliktfylt for reiselivet.

2. Reiselivet sin bruk av vassdraget vert konfliktfylt for andre brukarinteresser.

Ved intensiv bruk kan det oppstå konfliktar mellom ulike reiselivsprodukt, avhengig av profilen til det einskilde produkt. Eit enkelt produkt kan og få redusert kvalitet ved for sterk utnytting og øydelegging av naturgrunnlaget.

I tabell 1 er det gjort ein grov oversikt over kva for konfliktar som kan oppstå

Tabell 1 Konfliktområde for reiselivet i høve til andre brukarinteresser.

BRUKARINTERESSER	KONFLIKTAR
Innbyggjarar	Alminneleg ro og orden. Helgefred. Eigarkjensle
Grunneigarar	Bruksrett. Ferdsl
Vegtrafikk	"Tribune". Auke. Tyngre kjørety
Naturvern	Uro. Slitasje. Anlegg
Jordbruk	Uro. Ferdsl. Importsmitte
Skogbruk	Slitasje. Brannfare
Vasskvalitet	Forureining
Fiske	Uro

ved utnytting av vassdrag i reiselivs-samanheng.

5. TILTAK

Kommunane har laga to vassdragsplaner som gjev status, mål og tiltak for vassdraget. Mange av tiltaka her går direkte på reiselivet, mens andre vil påverke rammevilkåra for næringa.

Viktige tiltak er:

Arealplaner: Tilpassing til kommuneplanens arealdel og krav om reguleringsplan for særskilde område og verksemder.

Ferdslsregulering: Etter friluftsløven og lov om motorferdsel i utmark vert det laga reglar som sonerer bruken av vassdraget.

Fysiske tilretteleggingstiltak: rydding av stigar, bygging av sanitæranlegg, tilkomstveggar, parkering, utgiktsplassar, fiskeplassar for handcappa, brygger, badeplassar m.m.

Krav til sanitære forhold.

Krav om renovasjon.

Informasjon.

I tabell 2 er det gjeve ein oversikt over tiltak knytta til den einskilde konfliktsituasjon

I planane er det og gjeve målsettingar og forvaltningsprinsipp som skal legge føringar på den vidare forvaltninga av vassdraga. Målsettingane er referert i tabell 3 og 4.

Tabell 3. Føreslegne målsettingar for Fleirbruksplan for Sjoa
Hovudmål:

FLEIRBRUKSPLAN FOR SJOA SKAL SIKRE AT INNGREP, RESSURSBRUK, FERDSELELLER ANNAN BRUK AV VASSDRAGET IKKJE ØYDELEGG DEIKVALITETANE SOM GJER ELVA VERNEVERDIG.

Tabell 2. Tiltak for å redusere konfliktnivået mellom reiselivett og andre brukarinteresseset. ¹⁾

BRUKARINTERESSER	TILTAK
Innbyggjarar	Arealplan, informasjon
Grunneigarar	Arealplan, bruksavtaler
Vegtrafikk	Arealplan, trafikkreg.
Naturvern	Arealplan, ferdslsregulering, verneføresegner
Jordbruk	Arealplan, ferdslsreg., info
Skogbruk	Arealplan, ferdslsreg., info
Vasskvalitet	Reinsekrav, renovasjon, ferdslsregulering, arealplan
Fiske	Arealplan

¹⁾ For dei fleste konfliktsituasjonar må ein i tillegg gjere fysiske tilretteleggingstiltak.

Delmål (Sjoa):

1. Planleggje samordnande tiltak, slik at det vert ein lite konfliktfylt bruk av elva.
2. Tilpasse bruken til landskap og byggeskikk.
3. Styre bruken av elva unna bustad-område.
4. Planleggje for betre løysing av vegtrafikken i samheng med bruken av elva

Tabell 4. Foreslegne målsettingar for forvaltning av Otta-vassdraget

Hovudmål for forvaltning av Otta:

BRUKEN AV OTTAVASSDRAGET SKAL OPPRETT-
HALDE EIN ØKOLOGISK BALANSE, SAMTIDIG SOM RES-
SURSAR OG AREAL VERT
UTNYTTA TIL BESTE FOR
SAMFUNNET OG EIGARANE.

Delmål (Otta):

1. Otta skal ha ein vasskvalitet som har ingen eller små avvik frå naturtilstanden.*
2. Otta skal ha ein høg og naturleg fiskeproduksjon med god kvalitet. Fisket bør vere godt organisert, og det bør vere tilrettelagt for fiske langs vassdraget.
3. I Otta skal det vere ein planmessig ressursutnytting som tek omsyn til andre brukarinteresser.
4. Langs Otta skal det vere ein arealbruk som tek omsyn til vassdraget som landskaps- og naturelement. Gjennom tilrettelegging og arealplanleggjing bør ein betre tilgjenge til vassdraget.

I oppfølgjingsfasa må ein både ta sikte på å effektivere tiltaka, og innlemme plandokumenta i kommuneplanen i kvar kommune.

* *Naturtilstanden er definert som maksimalverdiar for ulike parameterar.*